



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 3. november 2025

Sak 2025/376 - Fellesanlegget-Tua - org.nr. 923 947 604 - klage over vedtak om delvis innvilga søknad om meirverdiavgiftskompensasjon

Lotterinemnda sine medlemmer: Leiar Martin Hennig, og medlemmene Renate Kristiansen og Joachim Amundsen Trana

Saka si bakgrunn

- (1) Fellesanlegget-Tua (heretter «klagar») søkte 11. august 2024 om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2023. Søknaden gjaldt eit kompensasjonsbeløp på 23 743 kroner etter forenkla modell.
- (2) Lotteritilsynet godkjente søknaden 17. desember 2024, og innvilga eit søknadsbeløp på 23 743 kroner.
- (3) Klagar klaga på vedtaket 22. desember 2024. Det er vist til at organisasjonen ved ein feil har gløymt å ta med ein utgiftspost i driftsrekneskapen som skulle ha vore med i søknaden. Dette gjeld «post 4010 storviltprøve» med ein kostnad på 212 781,90 kroner. Klagar påpeikar at kostnaden betyr mykje for organisasjonen og ønsker derfor at søknaden endrast slik at utegløymt utgiftspost kjem med i søknadsgrunnlaget.
- (4) Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket, og sende klagen med innstilling 27. februar 2025 til Lotterinemnda for behandling.

Det rettslege grunnlaget

- (5) Det rettslege grunnlaget er forskrift 23. oktober 2018 nr. 1600 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner (forskrifta).
- (6) Søknaden skal sendast Lotteritilsynet på fastsett skjema seinast 1. september kvart søknadsår og skal underteiknast av den som har fullmakt til å søke, jf. forskrifta § 11 første ledd.
- (7) Av forvaltningslova § 34 følger det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og derunder ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg det at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønn. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Postadresse:

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Telefon:

+47 55 19 30 00

Lotterinemnda si vurdering

- (8) Fellesanlegget-Tua sin klage gjeld Lotteritilsynet sitt vedtak av 17. desember 2024 om innvilga søknad om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2023.
- (9) I klagar sitt søknadsskjema var det i tråd med forskrifta § 7 første ledd oppgitt at organisasjonen hadde 296 789 kroner i søknadsgrunnlag etter avgrensingar og postar det skal gjerast frådrag for, jf. andre ledd og § 6. Basert på dette er det søkt om kompensasjon på 23 743 kroner. Lotteritilsynet innvilga søknadsbeløpet i tråd med det som var oppgitt i søknadsskjemaet.
- (10) I klagen er det opplyst at organisasjonen ved ein feil har gløymt å ta med utgiftspost 4010 med ein kostnad på 212 781,90 kroner i søknadsgrunnlaget. Klagar har i telefonsamtale med Lotteritilsynet 24. februar 2025 stadfesta at dei aktuelle kostnadane ved ein feil blei ført under avgrensinga for «[k]ostnader utanfor den frivillige og ikkje-fortenestebaserte delen av organisasjonen» i søknadsskjemaet, og derfor ikkje var medrekna i søknadsgrunnlaget.
- (11) Lotterinemnda framhevar at det er klagar sitt ansvar å sørge for å levere ein korrekt og fullstendig søknad innan søknadsfristen, medrekna at søknadsgrunnlaget og søknadsbeløpet som er oppgitt i søknadsskjemaet er riktig. Det forholdet at kostnadene på 212 781,90 kroner er ført som ei avgrensing i søknadsskjemaet og derfor ikkje er tatt med i søknadsgrunnlaget, må tilskrivast forhold på klagar si side. Når klagar opplyste om feilen først i klagen, og etter at det var fatta vedtak i saka, kan ikkje kostnadane på 212 781,90 kroner i utgiftspost 4010 inkluderast i søknadsgrunnlaget.

Konklusjon

- (12) Lotterinemnda finn etter ei konkret vurdering av saka sine opplysningar at Lotteritilsynet sitt vedtak skal oppretthaldast.

Vedtak

Klagen blir ikkje tatt til følge.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur